



2025-2026

Årsplan for Lalm barnehage



VÅGÅ
KOMMUNE

Informasjon om Lalm barnehage.

Barnehagen er ope måndag til fredag frå kl. 07.00 til 16.30.

Barnehagane er stengde julekvelden og nyttårskvelden, i romjula og i påskeveka. Det er sommarstengt i veke 29, 30 og 31.

Det er elles stengt seks planleggingsdagar i løpet av året. Desse dagane blir brukt til kurs og planlegging for personalet.

Barnehageåret 2025/2026 har vi planleggingsdagar:

4., 5., og 6. august 2025.

28. november 2025.

2. januar 2026.

Ein dag våren 2026 (dato ikkje bestemt)

Lovgrunnlag.

Barnehagane blir drive i samsvar med Lov om barnehage og Rammeplan for barnehagen. Barnehagen skal formidle, praktisere og la barna oppleve verdiane gjennom alt pedagogisk arbeid.

Samfunnsmandat.

I samsvar og forståing med heimen, skal barnehagen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Verdigrunnlag.

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktisera og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling.

Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen (*som er ei forskrift til loven*) er det som styrer barnehagane sitt innhald.

Barnehagen har ein ope facebookside som syner små glimt frå barnehagekvardagen, men mest av alt brukar vi **visma foreldre-app "Min barnehage"** til melding/beskjedar/all skriftleg info mellom barnehage og foreldre. Her kan også foreldre legge inn ferie, fri eller om barna er sjuke. Avdelingane bruker dagboka her til å syne små glimt frå barnehagelivet.

På Vågå kommune si heimeside er det også linkar til barnehagesida. Her er det lagt ut felles informasjon, lover og vedtekter.

<http://www.vaga.kommune.no/barnehageportalen>

Lalm barnehage:

Ligg 15 km aust for Vågå sentrum, i lokala der Lalm skule var tidlegare.

Barnehagen har 3 avdelingar dette barnehageåret:

- Bjørnehiet.

Ped.leiar: Marianne Pedersen.

Tlf: 907 67 378.

E-post: marianne.pedersen@vaga.kommune.no

- Revehiet.

Ped.leiar: Hanne Grindstuen.

Tlf: 905 37 648.

E-post: hanne.grindstuen@vaga.kommune.no

- Humlebolet.

Ped.leiar: Sina Brun Hageløkken.

Tlf: 453 13 282.

E-post: sina.hagelokken@vaga.kommune.no

Tenesteleiar: Elise Beate Øien.

Tlf: 950 67 243.

E-post: elise.beate.oien@vaga.kommune.no

Fokusområde barnehageåret 25/26.

Leikemiljø

Spørsmål: *Korleis kan dei tilsette leggje til rette for eit godt leikemiljø inne i barnehagen?*

I vår barnehage vil vi:

- Vere aktive og til stades i barna sin leik, og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken
- Vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- Respektare barna sin leik på deiras premiss
- Organisere rom, tid og materiell som inviterer til ulike former for leik
- Fremje inkludering, vennskap og meistring

Leiken er for barnet det viktigaste fundamentet for all utvikling og den er kjerna i pedagogikken i barnehagen vår. Målet vårt er **leikesterke barn og leikekloke vaksne**.

Språkmiljø (nytt fokusområde)

Språk er nøkkelen til fellesskap, leik, læring og identitet. Vi legg vekt på å skape eit rikt og inkluderande språkmiljø.

Dette gjer vi ved å:

- Stimulere språk gjennom **samtalar, høgtlesing, song, rim, regler og leikeskriving**
- Vere **språklege førebilete** for barna
- Gi alle barn moglegheit til å uttrykkje seg, lytte og delta i meningsfulle samtalar
- Bruke språk aktivt i leik og kvardagsaktivitetar

Forsking viser at tidleg språkstimulering har stor betydning for seinare læring og deltaking i skule og samfunn. Difor er språkutvikling eit **særleg satsingsområde** i barnehagen vår.



Kort info om sentrale og lokale føringar vi har å forholda oss til.

Oppvekstreforma.

Skal styrke det førebyggjande arbeidet og tverrfaglege samarbeidet i heile oppvekstsektoren, og har fokus på tidleg innsats.

Inkluderande barnehage- og skolemiljø.

Vi skal jobbe for at alle barn skal føle tilhøyrse og skal føle seg viktige i fellesskapet. Vi skal skape gode, trygge og inkluderande barnehage- og skolemiljø, og motverke mobbing. Alle som jobbar i barnehage eller skole har plikt til å sørge for at barn har det trygt og godt, og skal gripe inn dersom ein ser at nokon ikkje har det trygt og godt. I Vågå kommune skal alle barn oppleve eit inkluderande læringsmiljø, både fagleg og psykososialt. For å nå dette målet er det ein føresetnad at alle tilsette og foreldre samarbeider godt både med førebyggjande og haldningsskapande arbeid.

Det er utvikla felles plan og system for korleis vi møter desse utfordringane. Planen ligg ute på Vågå kommune si heimesida og vi ynskjer at alle foreldre les denne og kvitterer for at den er lest på lik line med dei tilsette.

Psykososialt barnehagemiljø.

Frå januar 2021 fekk barnehagelova tilleggsparagrafar for å sikre barn eit godt psykososialt barnehagemiljø. Dette har vi ein eigen plan på som ligg ute på heimesida vår under Vågå kommune.

Den tek for seg § 41, 42 og 43 i barnehagelova som omhandlar: nulltoleranse og førebyggjande arbeid, plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikten) og skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen krenker eit barn.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Målet med kompetanseløftet er at alle barn og unge skal oppleve eit betre tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule, og at laget rundt barnet skal utvikle eit betre tverrfagleg samarbeid. Gjennom arbeid med kompetanseløftet har barnehagane og skulane samarbeid med Høgskulen i Innlandet og avdelinga SePU- *Senter for praksisretta utdanningsforskning*.

BTI.

Står for betre tverrfagleg innsats.

Modellen gjev ei oversikt over handlingsforløp der det er behov for tverrfagleg samarbeid, og skal bidra til at tenestene jobbar saman for å bidra til at barn, unge og familien deira får nødvendig hjelp så tidleg som mogleg.

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Barnehagens styringsdokument.

Den inneheld barnehagens verdigrunnlag, ansvar og rollar, formål og innhald, medverking, overgangar, barnehagen som pedagogisk verksemd og barnehagens arbeidsmåtar.

Den skal gi tilsette og foreldre i barnehage, eigar og politikar ei ramme å tenke ut frå når dei skal arbeide med barnehagens innhald.

Formål og innhald i barnehagen.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong.

Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gi barna allsidige rørsleerfaringar.

Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna.

Omsorg.

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.

Leik.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.

Danning.

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp.





Læring.

Barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre.

Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling.

Vennskap og fellesskap.

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.

Kommunikasjon og språk.

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Barns medverknad.

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.

Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap.

Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Samarbeid mellom heimen og barnehagen.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Foreldreråd og samarbeidsutval.

Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. F

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra.

Overgangar.

Når barnet begynner i barnehagen.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablerar relasjonar og knytar seg til personalet og til andre barn.

Overgangar i barnehagen.

Det skjer overgangar i barnehagen òg. Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

Overgangen mellom barnehage og skule.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen.

I Vågå er det forankra administrativt og politisk korleis overgangen mellom barnehage og skule skal vere. I løpet av barnehageåret vil det bli eit opplegg i lag med skulen for å sikre at overgangen blir trygg og god. Dette blir gjort ved at 6. årssteget har eit fadderopplegg med 5-åringane, og ein vil ha samarbeid med 1. årssteg. Vi har og «bli kjent dagar» med 5-åringane frå Tytingen og Søre Grindstugu det siste barnehageåret.

Barnehagen som pedagogisk verksemd.


Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging.

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet.

Årsplan.

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen.



Vurdering.

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

Dokumentasjon.

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Tilrettelegging.

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet.



Arbeidsmåtene til barnehagen.

Arbeidsmåtene skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Val av arbeidsmåtar opnar for å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert.

Fagområda til barnehagen.

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal varetakast. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.

Kommunikasjon, språk og tekst.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk.

Kropp, rørsle, mat og helse.

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.

Kunst, kultur og kreativitet.

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Natur, miljø og teknologi.

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen, får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider og at dei opplev naturen som arena for leik og læring.



Mengd, rom og form.

Fagområdet omfatter leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar.

Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv vere kreative og skapande.



Etikk, religion og filosofi.

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdier, normer og haldningar. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

Nærmiljø og samfunn.

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane.

Fagområdet skal omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoritetar.



Tverrfagleg samarbeid.

Tidleg innsats:

Vågå kommune skal flytte tyngdepunktet i arbeid med barn og unge frå å behandle problem til å førebygge at dei oppstår. Vi skal vurdere tiltak straks ein oppdagar at eit problem er under utvikling. Ved å førebygge og ta tak i problem tidleg kan ein forhindre at dei veks seg store.

Dei tilsette ser barna i det daglege og i samhandling med andre menneskjer. Vi vil som oftast oppdage om noko er annleis med veremåten og utviklinga til eit barn. Når det oppstår uro i samband med den mentale, sosiale eller fysiske helsa til eit barn har vi som vaksne ansvar for å gå vidare til den rette faginstansen i samråd med dykk som foreldre.

Barnehagen har meldeplikt til barnevern (jf. barnehagelova). Foreldre skal informerast om, involverast i og samtykke til tilvisingar som barnehagen gjer til eksterne faginstansar.

PPT- pedagogisk-psykologisk-teneste:

PPT er på besøk hjå oss ca. kvar 6.veke.

Hovudoppgåva til PPT er å leggje til rette for barn med spesielle behov og rettleie og gje råd til barnehagen i behov barnet har, eventuell tilrettelegging og tiltak vi skal gjennomføre. Dei bidreg også med kompetanseutvikling og førebygging på eit tidleg plan.

Ved behov for å observere eller drøfte undringar rundt enkeltbarn må foreldre gi samtykke til dette.

Ressursgruppa:

Ressursgruppa er eit lågterskeltilbod og eit samarbeidsmøte mellom foreldre og fagpersonar i oppvekstsektoren. Dei som sit i gruppa har både pedagogisk, helsefagleg og barnefagleg kompetanse. I møtet vil det vere fokus på å få til gode tiltak og god hjelp for barnet. Åtferdsvanskar, helseproblem, stort fråvær o.l. kan vere tema på eit slik møte.

Helsestasjon:

Barnehagen og helsestasjon ønsker å jobbe for å få eit tettare samarbeid rundt spørsmål knytt til barnets utvikling.



Handlingsplan.

Lovfesta plan for å oppdage og førebygge omsorgssvikt.

Målet med planen er at vi i barnehagen skal kunne førebygge og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt mot barn. Alle tilsette må forplikte seg til planen og tileigne seg det som står der. Foreldre får informasjon om planen på foreldremøte, og den blir gjort tilgjengelig i foreldre-appen.

I løpet av hausten er det i planen lagt opp til faste opplegg for barnegruppene der dei lærar om kroppen generelt og om grenser knytt til sin eigen kropp. Vi har laga ei materialpakke i samband med planen som inneheld mellom anna dokkene Erik og Molly, bøker og samtalekort.

Målet med opplegget er at barna skal få kjennskap til:

- Omgrep knytt til kropp
- Gode og vonde hemmelegheiter
- God og vond berøring
- Kunnskap om kva som er lov/ ikkje lov
- STOPP-regelen

Dersom vi i barnehagen har mistanke om omsorgssvikt, vald eller overgrep er vi i barnehagen plikta til å melde ifrå om dette.

